

---

---

# Torittfeberen

---

---

I alle feltstabrot fans små mengder av noen brune, svarte og raudgule småsteinar, dei lål i skillet mellom feltspat, kvarts og kråkesølv. Hausten 1894 sende ein man frå Risør ein pose med slike steinar til eit laboratorium i Tyskland for å få vita om dei hadde noen verdi. Frå Tyskland kom svaret: Reint torium. Verdi kr 7 – 800 pr. kg.

Da blei det «torittfeber». Oppkjøparar reiste rundt i bygdene og kjøpte opp stein i fleng. Ikkje minst i Moland herja «skjerpesyka». Før jul 1894 stod lensmannen om søndagane på kyrkjebakken og las opp skjerpesetlar heilt til det

mørkna. Men det var snø, så folk fekk ikkje undersøkt fjella skikkeleg; det var vel i grunnen heldig. Somme selde småstein for fleire hundre kroner. Men i mars 1895 kom brev frå Tyskland om at analysen var feilaktig. Steinane inneheld torium, det var rett nok, men så lite at dei hadde mest ingen verdi. Prisen fall, det lønte seg ikkje lenger å plukka opp småstein, og feberen svann fort.

Guttorm Fløistad, som da var ganske ung, dikta ei vise om «Skjerpesyga». Ho gjekk på ein kvikk dansemelodi, og ungdomen sang ho ofte.

Her er ho:

*Vort land er fattig, sang man alltid før – fallara  
Nu fattigdomen jages skal på dør – fallara  
for udi fjeld og sten og kvarts – fallara  
fins skjeppevis av kostbar malm og erts – fallara*

*Ja, vil du blive storkar i en fart – fallara  
så få dig i en grue blot en part – fallara  
for da blir pengepungen hurtig fuld – fallara  
av sten og pøver, om ei just av guld – fallara*

*Og vil du regnes med som klog og vis – fallara  
så må du på hver småsten sette pris – fallara  
og stadig i din lomme me bero – fallara  
av Norges fjeld en prøve eller to – fallara*

*Hver ungkar glemmer jenter, spil og drik – fallara  
ifra den dag han skjerpesyga fik – fallara  
Og jentene glemmer alt sit snerperi – fallara  
for borgverksdrift og alslags skjærperi – fallara*

*Og union og politik og krig – fallara  
det glemmes bort ved tanken at bli rig – fallara  
og svensken glemmer snart de store ord – fallarar  
og smiler til sin rige, søde bror – fallara*

*Fra Austre Moland boka*